

Framtida på spel

Mål: ein betre skule.

Middel: Nintendo Wii, DS, og Playstation 3.

tekst: NJORD V. SVENDESEN foto: JAN M. LILLEBØ

Aberdeenshire, Skottland

LÆRER DEI NOKO, rockestjernene i skuleuniform?

Kings of Neon står på scenen - bassist, gitarist, trommis og vokalist, alle med ryggen mot publikum: likt kledd jenter og guitar.

- *Take my hand and we'll make it, I swear!*

Bandmedlemmene stirer konsentrert på ein stor skjerm. På skjermen utagerer ei gruppe utfrika figurar, utan skuleuniform.

Kings of Neon er eitt av fleire band i sjuande klasse på barneskulen i sentrum av Inverurie, ein liten by som ser ut til å passe perfekt inn i Postmann Pats rute.

Elevane liknar på andre elevar. Klasserommet liknar på andre klasserom. Eit rosa penal, ei drikkeflaske, bøker og skrivesaker strødd utover pultane, gruppert fire og fire. Faglege stikkord i fargesterk papp er hengt opp. *Maths, Spelling, Language, Library Corner.*



Så er det denne eine veggen: *Guitar Hero* står det med gule bokstavar mot blå bakgrunn.

«Guitar Hero» eit kommersielt produsert dataspel til Playstation, Nintendo Wii, Nintendo DS og Xbox 360, dei vanlegaste spelemaskinene som i dag er ein del av inventaret på gute- og jenterom hos folk flest.

Dataspel er i dag ein integrert del av tilbodet i skulen i alle dei 32 administrative regionane i Skottland. Likt Noreg er digital kompetanse honnørord i læreplanen. Ulik Noreg er dataspel ein praktisk del av dette.

>>>



undervisning med bruk av «Guitar Hero».